



Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

3/2011

Desember • Årgang 18

Spar dunken, sorter plasten!



Rett frå dunken

Valfri miljøsentral!

Med opninga av den nye miljøsentralen på Stord, Heiane, får innbyggjarane i SIM-kommunane eit nytt og moderne val for levering av avfall.

SIM får dermed miljøsentralar i alle kommunane, Bømlo, Stord, Fitjar, Sveio, Kvinnherad, Austevoll og Tysnes, og innbyggjarane står fritt til og velja kva sentral dei vil bruka. Dersom det passar best for deg å bruka sentralen på Heiane, så gjer du det, sjølv om du er busett på Bømlo.

Heiane miljøsentral vart opna fredag 11.11.11, og er ein av dei mest moderne miljøsentralane i landet. *Sjå informasjon om opningstider til miljøsentralane side 4 eller på www.sim.as.*



Gisle Vik var fyrste kunde ved Heiane miljøsentral, og han fekk blomar hjå stasjonsmeister Olaf Skram.

Kjell Bolme ved Heiane miljøsentral tek gjerne i mot sortert plast.



Ved å sortera plastavfallet i egne sekkar, sparar du plass i restavfallsdunken. Sekkane kan du levera på ein av SIM sine miljøsentralar.

Det kan dermed vera ein dobbel vinst i å sortera ut plast frå hushaldningsavfallet ditt. Du sparar miljøet ved at plasten kan

attvinnast, i tillegg kan du kanskje klara deg med ein mindre og billigare restavfallsdunk. Sekkane får du ved å kontakta SIM og be dei senda deg ein rull, eller du kan henta dei ved ein av miljøsentralane. *Sjå kontakinfo side 4.*

Les meir om sortering av plastavfall på side 2 og 3.



Julegåvepapir

Hugs at julegåvepapir og pakkebånd er restavfall. Årsaka er at slikt papir er gjennomfarga, og det egner seg difor ikkje til gjenvinning.

Ekstrasekk for juleboset

Dersom du treng ekstrasekker til juleboset, kan du få kjøpt slike på miljøsentralane eller i rådhuset. Sekkane kostar kr 45,- per stk. Sekken set du ut den dagen det er tøming av restavfall der du bur, og den vert då teken med av bosbilen. Andre typar sekker vert *ikkje* tekne med.



Bosdunken skal

- Plasserast på eit plant og fast underlag i høgde med vegbane
- **NB!** Husk lokkopning mot veg/bosbil
- Ikkje parker bilar på snuplass for bosbil (særs viktig når det vert vinter og snø).
- Private veger må brøytast for store kjøretøy!
- Dra dunken heim etter tømming



Ver med på gjer kvardagen lettare for dei som hentar boset ditt.

Kommunestyret avgjer renovasjonsgebyret

Det er kommunestyret, og ikkje SIM, som bestemmer kor mykje du skal betala i renovasjonsgebyr. Gebyret skal dekkja kostnaden med renovasjonsordninga, kørkje meir eller mindre.

Kostnadsfri le



Plast leverar du kostnadsfritt ved ein av SIM sine miljøsentralar, men du må pakka den i spesiallaga sekker.

Abonnentar i alle SIM-kommunar kan be om å få tilsendt sekker til å samla plastemballasje. Sekkene er gratis og plastemballasjen kan leverast kostnadsfritt på miljøsentralen.

Kva kan leggjast i sekken?

Enkel hugseregul:

Er platen *emballasje*, og er den *rein og tørr*?

Dersom du kan svara ja på *begge* spørsmåla, kan platen gå i sekken. Dersom ikkje, er den

restavfall. Tilgrisa plast må difor skyljast før den kan kastast i sekken. Du treng ikkje fjerna etikettar.

Døme på plast som *kan* gå i sekken:

- Plastflasker og -kanner
- Folieplast og bereposar
- Plastesker og -boksar
- Plastbeger

vering!



– Sekker til å sortera plastemballasje i får du ved å kontakta SIM, fortel kundehandsamar Sissel Lønning, og viser døme på plast som kan gå i sekken.

Døme på plast som *ikkje* kan gå i sekken:

- Plast som ikkje er emballasje
- Plast som er tilgrisa
- Plast som er merka med symbola «Ekstremt brannfarleg», «Oksiderende», «Meget giftig», «Giftig» eller «Eksplisiv»



Plastprosjektet i Fitjar

SIM har hatt ei prøveordning i Fitjar kommune i 2010 og 2011, der ein samla inn plast på dei vanlege rutene. Målet med prøveprosjektet var å finna ut om abonnentane ynskte plastsortering, og om dei var viljuge til å betala ekstrakostnaden med å få henta plasten heime hos seg. Ordninga er no evaluert og ein har kome fram til at prøveprosjektet i Fitjar vert vidareført i 2012, men at det ikkje vert innført henteordning for plast i dei andre eigarkommunane no.

I januar 2010 fekk alle abonnentar i Fitjar utdelt sekker til å samla plastemballasje i. Det første halve året var det gratis å levera. Etter eit halvt år gjekk prosjektet over til å vera ei abonnementsordning. Dei som då ville vera med, måtte betala eit gebyr på kr 375 per år.

Gebyret var basert på at 25 % av abonnentane ville vera med. Det skulle visa seg at berre 8 % ville betala for å levera plast. Kva gebyret vil bli i framtida med så låg deltaking, er vanskeleg å seia.

Plastemballasjen vert sendt til Tyskland for sortering og gjenvinning.

Slamtømming i 2011/2012

I 2011/2012 skal SIM tømme septiktankar i Stord, Fitjar, Tysnes og Austevoll. Tømminga i Austevoll gjeld både heilårshus og hytter. I dei andre kommunane vert det tømming berre for heilårshus. Abonnentane får informasjonsblad i posten når det nærmar seg tømming.

Unngå frost i biodunken

Det kan vera lurt å leggja litt strø eller eggekartong nedst i biodunken, for å motverka at bioavfallet fryser fast. Fastfrose bioavfall er vanskeleg å få ut or dunken.



Kontakt oss ved manglande tømming

Det hender bos bilen køyrer forbi utan å tømme. I slike tilfelle ynskjer me å få beskjed så snart som råd. Det er enklare å ordna ekstrasømming når bilen er i ditt område enn når den er i gang med ei anna tømmerute. For å ha rett på tømming, må dunken ha vore på tømme-staden kl. 06.00 tømmedagen.

For feilmelding:

Austevoll, Kvinnherad og Tysnes: Tlf. 95 25 35 20.
Bømlo, Fitjar, Stord og Sveio: Tlf. 95 25 35 15.

Hugs at dunken må ut til kl. 06.00



Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmoget
N-5419 Fitjar



4a ved Leirvik skule: 1. rekkje f.v.: Mathias Dagsland, Kristin K. Bakke, Johanna L. Eikenes, Sina Amalie Hauge, Kristin M. Skorpen, Lise Marie D. Andersen, Jonas P. Brekke og Linda Petterteig (kontaktlærer). 2. rekkje f.v.: Mabel S. Wigelius, John Granli, Erlend J Belsvik, Sondre og Vebjørn Fjellstad, Daniel S. Hauge og Christo Bizanty. 3. rekkje f.v.: Natalie Elde, Hanna Litlabø, Megan Thomas, Hannah H. Resser, Daniel Vik, Tommy Hjelen og Akå Razouli.

Leirvik skule vann teiknekonkurransen

I år var det 4a ved Leirvik skule på Stord, som vart trekt ut som vinnarar av SIM sin årlege teiknekonkurranse. Jubelen stod i taket då premien, eit gåvekort på kroner 2500,- vart delt ut i klasserommet tysdag 8. november.

Omlag 700 fjerdeklassingar frå heile Sunnhordland har i 2011 vore på ekskursjon i Svartasmoget for

å sjå korleis boset vert behandla, og for å læra om kjeldesortering, resirkulering og berekraftig utvikling. Mange av elevane sende SIM teikningar i etterkant av besøket. Oppgåva var å teikna eit eller anna som hadde med handsaming av boså gjera.

Tømmekalenderen 2012

I løpet av dei næraste vekene kjem tømmekalenderen for 2012. Ta vare på den, slik at du held deg orientert med kva for veker det er tøming av bio, rest eller papir i din kommune. I tillegg står det informasjon om kva som skjer

dersom tømmedagen fell på ein rørlag heilagdag. Kontakt SIM dersom du ikkje har fått kalenderen før årsskiftet. Tømmekalenderen kan også lastast ned frå www.sim.as.



Opningstider miljøsentralane 2012

Austevoll, Porsdalen

Torsdag kl. 10.00–18.00.

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00–14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

Bømlo, Hollundsdalen

Måndag, tysdag og torsdag kl. 12.00–18.00.

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:
Første laurdag i månaden kl. 09.00–14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

Fitjar, Svartasmoget

Måndag kl. 10.00–18.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

Kvinnerad, Husnes industriområde

Måndag og torsdag kl. 13.00–18.00.

Tysdag og fredag kl. 08.00–13.00.

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:
Første laurdag i månaden kl. 09.00–14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

Stord, Heiane miljøsentral

Måndag–fredag kl. 10.00–18.00

Laurdag kl. 10.00–14.00

Onsdag før skjærtorsdag ope til 12.00

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

Sveio, Sveiåsen

Måndag kl. 10.00–18.00.

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00–14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

Tysnes, Eredalen

Tysdag kl. 10.00–18.00.

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00–14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.



SIM

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Svartasmoget, N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50
Telefaks: 53 45 78 60

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as